

## Årsmelding Ølve sokneråd 2020

Året 2020 vart, som for alle andre og påverka av Covid-19. Blant anna vart det ikkje halde årsmøte i byrjinga av dette året. Denne årsmeldinga vil de finne på Kyrkja si heimeside.

Ølve sokneråd består av:

Grethe Marion Revne

Rune Dahle

Anita Håvik Skarvatun

Marit S.B. Lyhammer

### **Vararepresentantar:**

Jostein Rødland

Anne-Kirsten Hamarhaug

Susanne Ulvenes

Airin Helene Zimmer

Novald Randulf Barthel

### **Soknemøter**

Vi har ikkje hatt mange soknerådsmøter i 2020.

Mykje kommunikasjon har skjedd gjennom e-postar

### **Gudstenester**

Som resultat av stadige endringar, når det gjaldt smittevern, vart mange av dei planlagde gudstenestene avlyst. I staden har vi hatt eit godt tilbod gjennom digitale gudstenester frå kyrkjene i heile kommunen.

Ølve sokneråd fekk og prøva ein for oss ny måte å møtast i kyrkja, der vi hadde open kyrkje både i påsken og 17.mai. Det vi har sakna er kyrjekaffien.

Med få gudstenester og råd om ikkje å ha fysisk offer har denne delen blitt skadelidande.

Dette sette og fart i arbeidet med å få på plass ei VIPS-ordning.

### **Trusopplæring**

Før landet stengde ned det meste, fekk vi gjennomført Tårnagenthelg i februar.

Barnesong som vi har saman med Hatlestrand vart amputert.

Konfirmasjon vart utsett frå vår til haust, og med god planlegging for smittevern fekk vi denne gjennomført. Start for neste års konfirmantar med sykkeltur frå kyrkje til kyrkje, vart og gjennomført, som eit samarbeid mellom Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy. Sokneråda hadde som tidlegare ansvar for å sikre mat og drikke i løpet av turen.

Julevandring i desember, med born frå barnehagen og dei yngste frå skulen fekk vi og til.

## Anna

For dei som hugsar årsmeldinga for 2019, hadde Ølve sokneråd ein plan for meir samarbeid med Hatlestrand sokneråd. Dette har Covid -19 sett førebels stopp for.

Oppslagstavla ved kyrkja har dei siste åra blitt i ein dårleg forfatning, der det til tider var vanskeleg å lese plakatar som var på plass innanfor glaset. Det er no kome på plass ny tavle.

Det er mange ting vi som sokneråd ikkje har fått til dette året.

Samling for konfirmantar i samband med fasteaksjonen, den var digital

Samling for konfirmantar og foreldre før konfirmasjonen

Samling for konfirmantjubilantar

Skaparverkets dag mm.

Ref.

Grethe Marion Revne

leiar Ølve sokneråd